

**Arbeidsutvalet - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland**

**Møte:** 9-2021  
**Tid:** Tysdag 8. juni kl. 09.00 – 10.30  
**Stad:** Teamsmøte

**Til stades:**

<b>Arbeidsgruppa:</b>	Kristin Nåmdal (Alver), Asbjørn Toft (Austrheim), Jan Torry Sande (Fedje), Ingvild Høydal (Gulen), Sveinung Toft (Masfjorden), Pelle Engesæter (Osterøy), John Hoshovde (Vaksdal)
<b>Andre:</b>	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG), Terje Villanger
<b>Referent</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Forfall</b>	Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen),

<b>Sak 29/21</b>	<p><b>Godkjenning – saksliste og innkalling</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Det var ingen merknad til saksliste og innkalling.</p>
<b>Sak 30/21</b>	<p><b>Referat – forrige møte</b></p> <p>Referatet var sendt ut tidlegare for kommentarar.</p> <p><b>Vedtak:</b> Referatet vart godkjent.</p>
<b>Sak 31/21</b>	<p><b>Planprogrammet – høyring – gjennomgang av innspel og revidert utkast</b></p> <p>Notat med oppsummering av innspela var sendt ut på førehand og utkast til revidert planprogram (er også i Teams mappa).</p> <p>I sak 25/21 – planprogrammet høyring status står det:</p> <p>«Det må også gjerast ein vurdering av innspela på areal om dei er innafor eller utanfor det som planprogrammet gir rom for.»</p> <p>I epost 03.06.2021 fekk arbeidsgruppa i oppdrag å sjekke om der er innspel som er utanfor det planprogrammet gir rom for.</p> <p>Det var ingen i arbeidsgruppa som hadde observert at der var konkrete arealinnspel som var utanfor det planprogrammet gir rom for å vurdere.</p> <p>Innspela til planprogrammet vart gjennomgått i møte.</p> <p>Det var innspel om at planprogrammet skulle sei noko om deponering av massar. Utvalet var samde om å avvise det og viser til at ved eventuell deponering så må det gjerast eigne konsekvensutgreiingar. Dette arbeidet har ikkje som formål å finne fram til område som kan vere eigna for deponering.</p> <p>HK og BG innarbeider endringane i det reviderte planprogrammet. Dei endringane som vil bli i planprogrammet er mindre justeringar. Det skulle difor ikkje vere noko i vege for at IKPU vedtek eit endeleg planprogram i møte 21.06.</p>

<p><b>Sak 32/21</b></p>	<p><b>Akvakultur – areal - strukturering – arbeid vidare</b></p> <p>I tilbakemeldingane på planprogrammet er der fleire aktørar (både næringa og forvaltninga) som har konkrete innspel som går på akvakultur og behov for arealendringar. Desse innspela er summert i eit eige notat. Problemstillingane må det arbeidast konkret med og det vil vere viktig å få fram alle og få ein felles forståing for korleis det skal jobbast med dette vidare.</p> <p>Eit forslag er at det vert eit «Seminar» for å belyse alle problemstillingar som er tatt opp. Ser for seg at det bør kome i september. Arbeidsgruppa var samd om at ein bør jobbe vidare med det.</p> <p>Saka vert tatt opp med IKPU og det kan vere naturleg at dei opprettar ein programkomite som får eit særskild ansvar for «seminaret».</p>
<p><b>Sak 33/21</b></p>	<p><b>Innkjøp konsulent - status</b></p> <p>Selskapet Aplan Viak er valt som firma. Dei har med Rådgivande Biologer som samarbeidspartner.</p> <p>Arbeidet med å knytte dei opp til oppdraget vil starte så raskt som mogeleg. Det vil bli viktig å få til ein god og rasjonell arbeidsfordeling og samarbeid med arbeidsgruppa.</p>
<p><b>Sak 34/21</b></p>	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Neste møte i arbeidsgruppa vert eit heildagsmøte med befaring og arbeidsmøte. Forslaget er å reise til Fedje 20. august.</li> <li>• Oppstartsmøte med Asplan Viak – arbeidsgruppa vert invitert til å bli med</li> <li>• Fått skjønnsmidlar 600 000,-</li> <li>• IKPU sitt møte er måndag 21. juni kl. 12.30 - ikkje behov for nye arbeidsmøte før IKPU</li> </ul> <p>Knarvik, 8. juni 2021</p>